



FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Grete Haugan
Telefon: 57643141
E-post: fmsfgha@fylkesmannen.no

Vår dato
16.02.2012
Dykkar dato

Vår referanse
2010/15545 - 461.3
Dykkar referanse

Nordfjord Kjøtt AS v/ Randi Støyva
Loen
6783 STRYN

Nordfjord Kjøtt AS - oversending av endra løyve etter ureiningslova. Gebyr for sakshandsaming.

Fylkesmannen gir løyve etter ureiningslova til slaktning og foredling av kjøttvarer ved Nordfjord Kjøtt AS. Løyvet erstattar tidlegare løyve datert 07.09.1995.

På bakgrunn av søknaden og etter ei heilskapleg vurdering av miljømessige, tekniske og økonomiske forhold har Fylkesmannen kome til at det kan gjevast nytt utsleppsløyve på nærare spesifiserte vilkår.

Løyvet med tilhøyrande vilkår vert sendt ut saman med dette brevet. Arbeid med søknad om utsleppsløyve er omfatta av gebyrordning.

Vi viser til søknad frå Nordfjord Kjøtt AS dagsett 25.11.2010 om endra løyve til verksemd etter ureiningslova. Søknaden er seinare supplert fleire gonger, sist med endra tal for utslepp til vatn 13.01.2012.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har gitt endra utsleppsløyve for Nordfjord Kjøtt AS. Utsleppsløyve med vilkår følgjer vedlagt.

Merk også at vedlegga til løyvet er ein del av dei juridiske krava til verksemda.

Fylkesmannen har ved avgjerda av om løyve skal gjevast og ved fastsetjinga av vilkåra lagt vekt på dei ureiningsmessige ulemper ved tiltaket samanhalde med dei fordelane og ulempene som tiltaket elles vil føre med seg. Ved fastsetjinga av vilkåra har Fylkesmannen vidare lagt til grunn kva ein kan nå med beste tilgjengelege teknikkar.

Dei utsleppskomponentane frå verksemda som vi meiner har mest å seie for miljøet, er uttrykkeleg regulert gjennom spesifikke vilkår i løyvet. Utslepp som ikkje er regulert på denne måten, er omfatta av løyvet i den grad opplysningar om slike utslepp vart lagt fram i samband med saksbehandlinga eller må sjåast på å ha vore kjent på annen måte då vedtaket vart gjort. Dette gjeld likevel ikkje utslepp av prioriterte stoff som er omtalt i vilkår 2.1. i løyvet.

Saksframstilling

Bakgrunn

Nordfjord Kjøtt AS har i dag eit utsleppsløyve frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane frå 1995, sist endra 09.07.1997. Produksjonen ved anlegget i Loen har auka, og er vesentleg endra dei seinare åra. Fylkesmannen har difor bedt bedrifta om å søkje om nytt utsleppsløyve, slik at rammer og vilkår kan bli oppdatert. I tillegg ønskjer bedrifta å auke produksjonsmengda i høve til dagens produksjon. Det vert søkt om ei auke i mengde foredla

Hovudkontor
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 65 33 02
Org.nr 974 763 907

Landbruksavdelinga
Fjellvegen 11, 6800 Førde
Postboks 14, 6801 Førde
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 82 17 77

E-post:
fmsfpost@fylkesmannen.no
Internett:
www.fylkesmannen.no/sfj

vare frå 27 000 tonn/år i dag til 40 000 tonn/år og ei auke i årleg slaktemengde frå 3000 tonn til 6000 tonn. Bedrifta har eige reinseanlegg med påslepp til kommunalt nett.

Saksgang

Fylkesmannen mottok fullstendig søknad frå Nordfjord Kjøtt AS 06.06.2011. Søknadsdokumenta har vore lagt ut til offentleg gjennomsyn hos Stryn kommune og på Fylkesmannen si heimeside i perioden 05.09.2011 til 07.10.2011. Søknaden har vore kunngjort i avisene Firda og Fjordabladet, og har vore sendt direkte til Stryn kommune, Loen Bygdeutval og berørte naboar og nabobedrifter.

Søknaden om endra løyve etter ureiningslova vart sendt til Fylkesmannen før Nordfjord Kjøtt AS hadde tatt i bruk det nye Bio-reinseanlegget og dermed fått sett dei reelle utsleppsmengdene frå reinseanlegget. Verdiane for utslepp til vatn som vart oppgitt i søknaden vart difor estimert på bakgrunn av teoretiske verdjar og informasjon frå leverandør. Det har vist seg i etterkant at desse verdiane var noko optimistiske i forhold til dei faktiske tala, og bedrifta sende difor 16.01.2012 ein søknad om å få endre desse grenseverdiane slik at dei samsvarar betre med den kapasiteten som reinseanlegget har i dag. Denne søknaden har vore sendt på ny høyringsrunde til Stryn kommune, Loen Bygdeutval og berørte naboar og nabobedrifter.

Produksjonsforhold

Ramme for produksjonen er gitt i vilkår 1. Med "vesentlege endringar" er meint endringar over om lag 10%, men også vedvarande produksjonsmengd over ramma kan utløyse behov for endring av løyvet.

Uttaler

Fylkesmannen mottok etter første høyringsrunde to uttaler til søknaden; frå Stryn kommune, og frå arkitekt Tore Geir Aaland på vegner av nabo Arne Loen.

Stryn kommune peiker på at dei har satsa mykje på at det samla utsleppet til sjø i Lovika skal vere regulert etter kapittel 13 i Ureiningsforskrifta, dvs med ei øvre grense på 10 000 pe. Dei utsleppsgrensene som er sett opp i søknaden frå Nordfjord Kjøtt AS er tilfredsstillande for Stryn kommune. Kommunen ber om å få månadleg informasjon om analyseresultata av reinsa avløpsvatn og hydraulisk belastning tilført kommunalt nett. Kommunen ber og om at nødvendig utjamning skjer dersom større mengder avløpsvatn vert ført inn på det kommunale nettet.

Tore Geir Aaland på vegner av nabo Arne Loen kommenterer at søknaden berre er sendt på ei "begrensa varsling", sjølv om Nordfjord Kjøtt AS har stor innverknad på nærmiljø og bumiljø i Lovik. Det vert i høyringsuttalen vist til løyve frå 1995, der det i vilkår 6 står at "Det vert i denne omgang ikkje sett krav til verksemda om gransking/overvaking av resipienten (Loenbukta), men ved framtidige krav til slik gransking/overvaking kan verksemda bli pålagt å yte ein del av kostnadene". Nabo Arne Loen meiner at dette no i aller høgste grad må vere aktuelt, ut i frå ei dobling av produksjonsaktivitet og utslepp. Han påpeiker og at utslepp av lukt og støy er dårleg gjort greie for i søknaden, og påpeiker at omsøkt støynivå på 54dB(A) ligg over grensa i PBL, Teknisk forskrift §8-42, pkt 5 og 6. Det vert og påpeika at dei målingane som er gjort av støy er gjort av bedrifta sjølv. Naboen krev målingar og berekningar gjort av relevant fagetat. Auka trafikkstøy og luktproblem vert også påpeika, og det vert vist til tidlegare klage på lukt.

Nordfjord Kjøtt AS har følgjande kommentarar til uttalen frå Arne Loen:

Når det gjeld overvaking/gransking av resipienten viser bedrifta til at dei reinsar avløpsvatnet og slepp det deretter på kommunalt nett. Kommunen får kvar månad oversikt over

analyseresultat og hydraulisk belastning som vert tilført kommunalt nett. Nordfjord Kjøtt AS meiner difor at ei slik granskning/overvaking vil vere eit forhold mellom bedrifta og kommunen dersom Stryn kommune krev det.

Bedrifta avviser krav i forhold til støy, og når det gjeld aggregatstøy frå lastebilar har dei no rutine på at desse skal parkerast på motsett side av fabrikk.

Når det gjeld lukt vert det vist til uttale frå naboar, som presiserer at dette ikkje vert oppfatta som noko problem for dei andre bebuarane i byggefeltet.

Fylkesmannen har ikkje motteke nye uttaler etter andre høyringsrunde, men Stryn kommune stadfestar at dei nye utsléppsgrensene som er sett opp i søknaden frå Nordfjord Kjøtt AS er akseptable for kommunen.

Fylkesmannen sine vurderingar og grunngjeving for fastsette vilkår

Vi vil streke under at all ureining frå verksemda isolert sett er uønskt. Jamvel om utslépp vert halde innfor fastsette utsléppsgrensar, pliktar verksemda å redusere utsléppa så langt dette er mogleg utan urimelege kostnader. Det same gjeld utslépp av komponentar det ikkje uttrykkelig er satt grensar for gjennom særskilte vilkår.

Tore Geir Aaland på vegner av nabo Arne Loen kommenterer at søknaden berre er sendt på ei "begrensa varsling". Dette stemmer ikkje. Søknaden vart sendt direkte til dei næraste naboane og til kommunen. I tillegg er søknaden kunngjort i to aviser og har vore lagt ut til offentleg gjennomsyn hos Stryn kommune og på nettsida til Fylkesmannen. Det er altså gjennomført ei full offentleg høyring i samsvar med Forureiningsforskrifta kap.36, §36-6.

Nordfjord Kjøtt AS fekk nytt utsléppsløyve i 1995, med endring i 1997. I dette løyvet var det sett utsléppsgrensar på 100 tonn BOF₇/år og 550 kg BOF₇/døgn basert på ei slaktemengde på 2500 tonn/år og inntil 14000 tonn/år foredla kjøttvarer. Det vart og sagt at vilkåra i løyvet ikkje var til hinder for auka produksjon ut over desse mengdene dersom utsléppa ikkje auka ut over utsléppsgrensene.

Nordfjord Kjøtt AS har dei seinare åra auka produksjonsmengda vesentleg, men verksemda har samstundes bygd ut eige reinseanlegg slik at mengda organisk materiale som vert sleppt på kommunalt nett har gått ned. I nytt løyve er grensene for utslépp til vatn sett i samsvar med søknaden frå bedrifta. For BOF er ny grense sett på 70 tonn BOF₅/år. Dette tilsvarar om lag 84 tonn BOF₇/år, og er såleis ein reduksjon i høve til dagens løyve. Bedrifta har påslépp til kommunalt nett, og Stryn kommune kan difor sette strengare krav dersom dette er naudsynt for at det kommunale reinseanlegget skal klare sine reinsekrav før utslépp til Lobukta. Stryn kommune opplyser at utsléppsmengdene som er sett i søknaden frå Nordfjord Kjøtt AS er tilfredsstillande for kommunen.

Fylkesmannen har vurdert effekten av auka produksjon i forhold til støy. Gjeldande løyve viser til "Retningslinjer for begrensning av støy frå industri m.v." (TA-506). Dei støygrensene som no er sett i løyvet er vanlege grenseverdier for tilsvarande industriverksemdar i dag, og er om lag på nivå for anbefalte støygrensar ved planlegging av ny verksemd i "Retningslinjer for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442)". Av omsyn til naboar er det sett lågare støygrensar på kveld og natt. For å dokumentere at desse grensene vert overhalde ved vanleg drift, vert Nordfjord Kjøtt AS pålagt å få gjennomført ei støymåling/støyberekning innan 01.06.2012. Målingar og utrekningar skal utførast av kompetent firma.

Tilhøva til naturmangfaldlova og vassforskrifta

I tillegg til retningslinjene i ureiningslova, er også prinsippa i §§ 8-12 naturmangfaldlova lagt til grunn for vår vurdering.

Fylkesmannen har også vurdert om det omsøkte utsleppet kan kome til å verte i strid med vassforskrifta sine reglar om reduksjon av tilstandsklasse i vassførekomsten Lobukta (ID 0282012100-3-C) til lågare enn "god". I og med at det gjennom endringa i løyvet vert sett ei strengare grense for utslepp til vatn, vil risiko for dette bli redusert.

Internasjonale krav

Mange av dei spesifikke vilkåra er sett på bakgrunn av felles europeisk regelverk. IPPC-direktivet og vassforvaltningsforskrifta (etter Vassrammedirektivet) er særleg viktige grunnlag for kravsetjing. IPPC-direktivet gir spesielt føringar for å stadig betre teknikkar og teknologi for å minske og førebyggje utslepp. I den samanheng vert den engelske nemninga for bruk av beste tilgjengelege teknikkar, ofte omtalt med den engelske teksten "best available technology" eller forkorta "BAT". Krav til energistyring og energieffektivisering er også sett i samsvar med prinsippa i IPPC-direktivet.

Vurdering av teknikkar/teknologiske forhold

Ved sida av resipientvurderingar, er det eit viktig prinsipp i Fylkesmannen si sakshandsaming at beste tilgjengelege teknikkar skal takast i bruk for å førebygge ureining, jf. også § 12 i naturmangfaldlova om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar. Det er stilt ei rad krav i vilkåra i løyvet som gjeld drifta ved verksemda. Krava set nokre gongar konkrete utsleppskrav, og andre gongar føringar for arbeidet med viktige ureinings- eller avfallsreduserande tiltak. Merk at krava i liten grad gir føring for å nytte spesifikk teknisk løysing. Dette vert i hovudsak opp til verksemda å avgjere. Merk også at verksemda kontinuerleg må arbeide med redusere utslepp, jamvel om ein tilfredsstillar gjeldande utsleppsgrenser i løyvet.

Avfall

Alt avfall som verksemda sjølv ikkje kan utnytte eller gjenbruke skal leverast vidare til godkjent mottak. Det er berre Fylkesmannen eller Klima- og forureiningsdirektoratet som kan godkjenne nærare kven som kan motta avfall. Nokre sentrale krav er presiserte i vilkåra, men det vert streka under at både ureiningslova og avfallsforskrifta (jf. spes. kap. 11 om farleg avfall) set fleire krav til avfallshandteringa enn det som er omtalt her.

Omtale av nokre andre enkeltkrav

Nærmiljøet skal vere sikra mot ulempe. Plikta til sikring er vidare enn dei spesifikt omtalte vilkåra. Tiltak må heile tida vurderast opp mot det som er mogeleg basert på beste tilgjengelege teknikkar, risikovurdering (jf. internkontrollforskrifta) og samspel med representantar for nærmiljøet. Døme på tiltaksområde kan vere sikringsvoll, spesifikk støydemping, lys, lukt, støv og anna. Transport inn/ut av anlegget kan føre til ulemper for nærmiljøet, og verksemda skal ha eit spesielt fokus på tiltak for å redusere dette.

Konklusjon

På bakgrunn av søknaden og etter ei heilskapleg vurdering av miljømessige, tekniske og økonomiske forhold har Fylkesmannen kome til at det kan gjevast nytt utsleppsløyve på nærare spesifiserte vilkår.

Løyvedokumentet (utsleppskonsesjon) vert sendt saman med dette skrivet. Dei juridiske krava som elles ikkje går fram av lov- og forskriftsverket, eller er presisert eller innskjerpa i høve til det generelle regelverket er samla i løyvedokumentet.

Fristar

Tabellen nedanfor gir oversikt over fristar for gjennomføring av tiltak som løyvet krev:

Tiltak	Frist	Tilvising til vilkår
Oppdatert kunnskap om BAT-dokumentasjon	Kontinuerleg	2.3 IPPC art. 2-11
Vurdering av korleis anlegget oppfyller krav i aktuelle BREF-dokument.	Innan 01.06.2012	2.3
Internkontroll for ytre miljø	d.d.	2.4 Internkontroll- forskrifta
Støymåling/støyberekning	01.06.2012	5
Substitusjon av kjemikal	jamleg	7 Produktkontroll- lova § 3a
Ha etablert energistyringssystem	straks	8.1
Miljørisikoanalyse	jamleg	10.1
Ha etablert beredskap mot akutt ureining	straks	10.3
Øving av beredskap	Min. årleg	10.3
Rapportering til ureiningsstyresmakta (Etter krav det enkelte året)	1.3 årleg	13
Oversikt over miljøpåverknad frå aktiviteten	Årleg til årmenta	Miljøinformasjons- lova

Gebyr

Fylkesmannen si handsaming av søknader om nytt eller endra utsleppsløyve er omfatta av ei gebyrordning, jf. kap. 39 i ureiningsforskrifta.

Verksemda skal betale eit gebyr på kr. 21 000,- for Fylkesmannen si handsaming av søknaden, jf. § 39-3 og -5 i ureiningsforskrifta. Faktura med innbetalingsblankett vert sendt ut seinare av Klima- og forureiningsdirektoratet. Gebyret forfell til betaling 30 dagar etter fakturadato.

Generelle føresetnader for løyvet og informasjon om regelverket**Internkontroll**

Forskrift om systematisk helse-, miljø og sikkerhetsarbeid (internkontrollforskrifta) er eit felles regelverk for HMS-arbeidet. Regelverket og korleis ein generelt må arbeide for å stette krava, er nærare omtalt på www.regelhjelp.no. Krava om tiltak for "ytre miljø" (tiltak for vern mot ureining og ei betre handtering av avfall) gjeld alle verksemdar som har minst ein tilsett. Plikta til internkontroll som gjeld det ytre miljøet er difor presisert i vilkåra. Forskrifta omtalar kva for oppfølging av krav som må dokumenterast skriftleg, og korleis ein bør organisere arbeidet.

Endring eller tilbakekalling av løyvet

Fylkesmannen kan gjere endringar i dette løyvet med heimel i § 18 i ureiningslova. Endringar skal vere grunna på skriftleg saksbehandling og ei forsvarleg utgreiing av saka. Ein eventuell endringssøknad må difor liggje føre i god tid før endring kan gjennomførast.

Tilsyn

Verksemda pliktar å la representantar for ureiningsstyresmaktene eller den som desse gjev fullmakt, få inspisere anlegget til ei kvar tid jf. ureiningslova kap. 7.

Tvangsmulkt, straff

Brot på løyvet er straffbart etter ureiningslova §§ 78 og 79. Også brot på krav som følgjer direkte av ureiningslova og produktkontrolllova samt forskrifter fastsett i medhald av disse lovene, er straffbart.

Ved avvik frå løyvet eller ureiningslova kan Fylkesmannen gje pålegg om igangsetjing av tiltak for å rette opp avvik, jf. ureiningslova § 7, siste ledd. Dersom pålegget ikkje vert følgt opp kan Fylkesmannen fatte vedtak om tvangsmulkt til staten jf. § 73, eller sørgje for igangsetjing av tiltak jf. ureiningslova § 74.

Erstatningsansvar

Dette løyvet frittek ikkje søkjaren for å ansvar i høve til anna lovverk som gjeld for denne verksemda, t.d. arbeidsmiljø-, helse- og brannvernreglar.

At ureininga er tillete, frittek ikkje verksemda frå eventuelle erstatningsansvar for skade, ulemper eller tap som følgje av ureininga, jf. ureiningslova § 10 og kap 8 (spesielt § 56), samt grannelova §§ 6, 7 og 8.

Klagerett

Vedtaket kan klagast på til Klima- og forureiningsdirektoratet av partane i saka eller andre med rettsleg klageinteresse innan 3 veker etter melding om vedtak er kome fram eller frå vedkommande fekk eller burde skaffa seg kjennskap til vedtaket. Ein eventuell klage skal oppgje nærare kva det vert klaga på og den eller dei endringane som ein ønskjer. Klagen bør grunngjevast, og andre opplysningar som har noko å seie for saka bør nemnast. Klagen skal sendes til Fylkesmannen.


Ei eventuell klage fører ikkje automatisk til at gjennomføringa av vedtaket vert utsett. Fylkesmannen eller Klima- og forureiningsdirektoratet kan etter oppmoding eller av eige tiltak avgjere at vedtaket ikkje skal gjennomførast før klagefristen er ute eller klagen er avgjort. Avgjerda av spørsmålet om gjennomføring kan ikkje påklagast.

Med visse avgrensingar har partane rett til å sjå sakens dokumenter. Nærare opplysningar om dette kan ein få ved å vende seg til Fylkesmannen. Andre opplysningar om reglar som har noko å seie for saka vil Fylkesmannen også kunne gje på førespurnad.

Offentleggjing av løyvet

Vedtaket vert kunngjort offentleg for dykka rekning, jf. § 36-11 i ureiningsforskrifta. Kunngjinga vil innehalde ei kort orientering om løyvet, kvar ein kan vende seg for å få innsyn i saksdokumenta, og opplysningar om klageinstans og frist for ev. klage på vedtaket. Løyvet vert også lagt ut på www.miljostatus/sfj.

Med helsing



Nils Erling Yndesdal
fylkesmiljøvernssjef



Grete Haugan
senioringeniør

Vedlegg: Utsleppsløyvet med vilkår

Kopi pr. e-post: Klima og forureiningsdirektoratet
Kopi via EDU: Stryn kommune



Løyve etter ureiningslova til Nordfjord Kjøtt AS for slakting og foredling av kjøttvarer ved anlegget i Loen.

Løyvet er gitt i medhald av § 11 jf. § 16 og endra i medhald av § 18 i lov om vern mot forurensningar og om avfall av 13. mars 1981 nr. 6 (ureiningslova). Løyvet er gitt på grunnlag av opplysningar gitt i søknad av 06.06.2011, supplert 06.06.2011 og opplysningar framkome under behandlinga av søknaden. Løyvet gjeld frå dags dato og på dei vilkåra som er gjevne i dette dokumentet. Forklaring til enkelte av vilkåra står i oversendingsbrevet.

Med heimel i § 18 i ureiningslova erstattar dette løyvet følgjande løyve:
Løyve til drift av slakteri datert 07.09.1995 med endring 09.07.1997.

Dersom verksemda ynskjer å gjere endringar i høve til opplysningar som er gitt i søknaden eller under saksbehandlinga, og desse endringane kan ha innverknad på miljøet, må endringane avklarast skriftleg med Fylkesmannen på førehand. Dersom heile eller vesentlege delar av løyvet ikkje er tatt i bruk innan 2 år etter at løyvet er gitt, skal verksemda sende Fylkesmannen ei utgreiing slik at Fylkesmannen kan vurdere eventuelle endringar i løyvet, slik som tilbaketrekking eller utferdning av nytt løyve.

Verksemdsdata

Verksemd:	Nordfjord Kjøtt AS		
Ansvarleg:	Dagleg leiar Geir Egil Roksvåg		
Stad, adresse, poststad	Loen, 6783 Stryn		
Gards- og bruksnr.	70/112		
Kommune og fylke	Stryn i Sogn og Fjordane		
Org. nummer (føretak/eigd av)	981682912	Org.nr. (verksemd)	973169327
NACE-kode	10.110 – Bearbeiding og konservering av kjøtt		
NOSE-kode	105.03.25 Bearbeiding av kjøtt 105.03.23 Slakterier		
IPPC-klassifisering ¹	6.4 b Behandling og bearbeiding av animalske råstoffer med en kapasitet til produksjon på over 75 tonn per dag.		

Fylkesmannen sine referansar

Arkivkode	Anleggsnummer	Løyvenummer	Bransje	Risikoklasse ²
2010/15545	1449.0005.01	1995.028.T	Landbasert	3

Løyve gitt: 07.09.1995	Endringsnummer: 2	Denne endringa: 16.02.2012	
Nils Erling Yndesdal fylkesmiljøvernsjef		Grete Haugan senioringeniør	

¹ Jf. ureiningsforskrifta kap 36, vedlegg 1 om behandling av tillatelser etter ureiningslova

² Jf. ureiningsforskrifta kap. 39 om gebyr til statskassen for arbeid med tillatelser og kontroll etter ureiningslova

Innhald

1. Produksjonsforhold - rammer	3
2. Generelle vilkår	3
2.1. Plikt til å redusere ureining så langt som mogleg	3
2.2. Oppfølging av grenseverdier	3
2.3. Best tilgjengeleg teknologi (BAT-tiltak)	3
2.4. Internkontroll, HMS-dokumentasjon ytre miljø	4
2.5. Tiltak ved auka ureiningsfare eller unormale driftsforhold	4
2.6. Nærmiljø	4
3. Utslepp til vatn	5
3.1. Utsleppsavgrensingar og målingar	5
3.2. Utsleppsreducerande tiltak, reinsing m.m.	5
3.3. Utsleppstad for prosessavløp	5
3.5. Overflatevatn	6
4. Utslepp til luft	6
4.1. Lukt og diffuse utslepp	6
4.2. Fyring	6
4.3. Krav til utsleppspunkt	7
5. Støy	7
6. Grunnureining og ureina sediment	7
7. Kjemikal	8
8. Energi	8
8.1. Energistyringssystem	8
8.2. Utnytting av overskotsenergi	8
8.3. Spesifikt energiforbruk	8
9. Avfall	8
9.1. Generelle krav	8
9.2. Økonomisk sikkerheit	9
10. Førebyggjande tiltak og beredskap mot akutt ureining	9
10.1. Miljørisikoanalyse	9
10.2. Førebyggjande tiltak	9
10.3. Etablering av beredskap	9
10.4. Varsling av akutt ureining eller unormale driftstilhøve	9
11. Prøvetaking, analyse og utrekning av utslepp	10
11.1 Utslepp til vatn	10
11.2 Utslepp til luft	10
11.3 Støy	10
11.4 Generelle krav til prøvetaking og analysar	10
12. Oppfølging av resipient	11
13. Rapportering til Fylkesmannen	11
13.1 Rapportering via nasjonale rapporteringssystem	11
14. Større endringar ved drifta	11
14.1. Utskifting av utstyr	11
14.2. Eigarskifte	12
14.3. Nedlegging eller lengre driftsstans	12
VEDLEGG 1	13
VEDLEGG 2	14
VEDLEGG 3	15

1. Produksjonsforhold - rammer

Løyvet gjeld ureining som følgjer av slakting og produksjon av kjøttvarer. Løyvet gjeld for ei slaktemengde på inntil 6.000 tonn/år og ein produksjon på inntil 40.000 tonn/år. Ved vesentlege endringar skal verksemda søke om endring av løyvet, jamvel om utsleppa ligg innafor dei fastsette grensene.

2. Generelle vilkår

2.1. Plikt til å redusere ureining så langt som mogleg

All ureining frå verksemda er isolert sett uønskt. Verksemda må arbeide kontinuerleg for å hindre at ureining oppstår eller aukar, for å avgrense ureining og for ei best mogeleg avfallshandtering. Jamvel om utsleppa vert haldne innafor fastsette utsleppsgrenser, pliktar verksemda å redusere sine utslepp. For å unngå, eller avgrense ureining og avfallsproblem, skal ein nytte den teknologien som ut frå ei samla vurdering – også av økonomiske tilhøve, gir dei beste resultata for noverande og framtidig tilstand i miljøet. Plikta omfattar også utslepp av komponentar det ikkje er sett spesifikke grenser for.

Utslepp av prioriterte stoff oppført i vedlegg 1 er berre tillate dersom dette går tydeleg fram av vilkåra i løyvet, eller dei er så små at dei må sjåast på som uvesentlege for miljøet.

For produksjonsprosessar der utsleppa er proporsjonale med produksjonsmengd, skal eventuell reduksjon av produksjonsnivået i høvet til det som er lagt til grunn i søknaden medføre ein tilsvarande reduksjon i utsleppa.

2.2. Oppfølging av grenseverdier

Alle grenseverdier skal haldast innafor dei fastsette midlingstidene. Variasjonar i utsleppa innafor dei fastsette midlingstidene skal ikkje avvike frå kva som følgjar av normal drift i ein slik grad at dei kan føre til auka skade eller ulempe for miljøet.

2.3. Best tilgjengeleg teknologi (BAT-tiltak)

Verksemda pliktar å nytte seg av beste tilgjengelege teknikkar (BAT – Best Available Techniques)³ som gjeld denne type verksemdar. Dette gjeld for alle interne produksjonsprosessar samt reinsing av avløp.

Verksemda skal gjennomføre ei BAT-evaluering og gi ei vurdering av korleis anlegget skal drivast for å oppfylle krava i aktuelle BREF-dokument (sjå vedlegg 2).

Dette skal sendast til Fylkesmannen innan 01.04.2012.

Verksemda pliktar og å halde seg oppdatert om bransjen sin BAT-dokumentasjon. Som ein del av verksemda sin internkontroll skal det difor skje ei kontinuerleg

³ EU utarbeider bransjevise dokument for å angi kva som er BAT i dei enkelte bransjane, såkalla BAT referanse dokument (BREF-dokument). Her vert det vist til kva for utsleppsnivå som er mogleg å oppnå ved bruk av ulike teknikkar og kva for teknikkar som er i samsvar med direktivet sine krav om BAT. Dokumenta finn ein på IPPC- byrået sin nettside <http://eippcb.jrc.es>

vurdering og, dersom dette er tenleg, implementering av dei beste tilgjengelege teknikkane.

Løyvet kan verte endra dersom vesentlege endringar i BAT gir høve til ein betydeleg reduksjon av utsleppa utan at dette medfører urimeleg store kostnader.

2.4. Internkontroll, HMS-dokumentasjon ytre miljø

Verksemda pliktar å etablere internkontroll for si verksemd i høve til gjeldande forskrift om dette⁴. Internkontrollen skal blant anna sikre og dokumentere at verksemda held krava i dette løyvet, ureiningslova, produktkontrollova og relevante forskrifter til desse lovene. Verksemda pliktar å halde internkontrollen oppdatert.

2.5. Tiltak ved auka ureiningsfare eller unormale driftsforhold

Dersom det som følgje av unormale driftsforhold eller av andre grunnar oppstår fare for auka ureining, pliktar verksemda å setje i verk dei tiltaka som er nødvendige for å fjerne eller redusere den auka ureiningsfaren, også om nødvendig å redusere eller innstille drifta.

Verksemda skal så snart som mogleg informere Fylkesmannen om unormale tilhøve som har eller kan føre til ureining. Akutt ureining skal varslast i høve til vilkår 10.4.

2.6. Nærmiljø

Den ansvarlege skal utarbeide driftsrutinar som sikrar at nærmiljøulempene som følgje av drifta vert redusert til eit minimum.

Alt råstoff, produksjonseiningar, avfall, produkt m.m. som kan utgjere ein ureiningsfare eller på annan måte vere ein fare eller ulempe for miljøet skal vere sikra mot tilgjenge frå uvedkomande

Alle lagertankar for flytande råstoff, tilsatsstoff, innsatskjemikal eller avfall som kan utgjere ein ureiningsfare eller på annan måte vere ein fare eller ulempe for miljøet skal sikrast mot overfylling og lekkasje. Dersom tankvolumet har større kapasitet enn 2 000 liter, skal tanken sikrast med oppsamlingsvolum tilsvarande kapasiteten på tanken pluss 10%.

⁴ Jf. forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i verksemder av 06.12.1996 nr. 1127 – eller seinare utgåve (internkontrollforskrifta)

3. Utslepp til vatn

3.1. Utsleppsavgrensingar og målingar

Desse utsleppsgrensene gjeld:

Utslepps-komponent	Utslepps-kjelde	Utsleppsgrenser til kommunalt nett.			Tal målingar pr år
		Maksgrense/år	Maksgrense/døgn	Konsentrasjons-grense	
BOF5	Prosessanlegget	70 tonn	300 kg		Minst 12 døgnblandprøver
KOF	Prosessanlegget	280 tonn	1200 kg		Minst 12 døgnblandprøver
SS	Prosessanlegget	300 tonn	1000 kg		Minst 12 døgnblandprøver
Tot - N	Prosessanlegget	–	–		Minst 12 døgnblandprøver
Tot - P	Prosessanlegget	–	–		Minst 12 døgnblandprøver
Feitt	Prosessanlegget			100 mg/L	Minst 12 døgnblandprøver
Olje i avløpsvatn	Oljeutskiljar			50 mg/L	Minst 4 gonger per år

Grensene gjeld det totale utsleppet frå verksemda inkludert rejektivatn frå avvatning av vomfyll og gjødsel.

3.2. Utsleppsreducerande tiltak, reinsing m.m.

Utslepp som ikkje held seg under grenseverdiar nemnd i dette løyvet, skal reinsast til lågast mogeleg nivå. Verksemda har, uavhengig av grenseverdiar sett i dette løyvet, plikt til å avgrense utslepp i størst mogleg grad med bruk av best tilgjengeleg teknologi.

Vassforbruket skal reduserast i så stor grad som teknisk og økonomisk mogleg.

Eventuelt oljehaldig avløpsvatn frå verkstader eller liknande skal reinsast tilfredsstillande i oljeavskiljar eller tilsvarende reinseeining slik at utsleppsgrenser fastsett i vilkår 3.1 vert halde.

Feitthaldig prosessavløpsvatn skal passere ein tilstrekkeleg dimensjonert sedimenteringskum og feittavskiljar før utslepp. Feittavskiljaren skal dimensjonerast slik at utsleppet av feitt ikkje overstig utsleppsgrenser fastsett i vilkår 3.1.

3.3. Utsleppstad for prosessavløp

Nordfjord Kjøtt AS skal føre alt ureina avløpsvatn inn på Stryn kommune sitt avløpsanlegg før utslepp til Lobukta. Stryn kommune kan sette ytterlegare krav i høve til slikt påslepp.

3.5. Overflatevatn

Avrenning av overflatevatn frå verksemda sine uteareal skal handterast slik at det ikkje medfører skade eller ulempe for miljøet. Ureina overflatevatn må reinsast ved behov, jf. vilkår 3.1.

4. Utslepp til luft

4.1. Lukt og diffuse utslepp

Diffuse utslepp frå produksjonsprosessar og frå uteareal, for eksempel lagerområde, områder for lossing/lasting og reinseanlegg, som kan medføre skade eller ulempe for miljøet, skal avgrensast så langt mogleg med best tilgjengeleg teknologi.

Diffuse utslepp frå produksjonsprosessar, reinseanlegg og uteareal skal ikkje gi nemneverdig luktsjenanse utanfor verksemda sitt område.

Alle aktivitetar som kan føre til utslepp av lukt må skje mest mogleg innelukka.

Ventilasjon frå produksjonsområde må skje på ein slik måte at minst mogleg luft slepp ureinsa ut.

Dersom dette ikkje er tilstrekkeleg til å hindre luktulempar, kan det bli sett krav om luktmåling og/eller tiltak for å redusere luktutslepp. Luktutslepp bør ikkje overskride 10 luktenheter ($10 \text{ ou}_E/\text{m}^3$ i målt/utrekna luktimmisjons-konsentrasjon) ved næraste eller mest utsette bygning.

4.2. Fyring

Utslepp frå fyrkjelar for olje med termisk effekt > 1 MW og utslepp frå fyrkjelar for gass med termisk effekt > 5 MW skal tilfredsstillere krav i ureiningsforskrifta kap. 27 – "Forurensninger fra forbrenningsanlegg med rene brensler".

Følgjande grenser gjeld for utslepp frå fyringskjelar, jf. Ureiningsforskrifta § 27-10:

Brensel	Størrelse (inntyrt effekt)	Støv mg/Nm ³ 12-times middelverdi	NO _x mg/Nm ³ timesmiddel	CO mg/Nm ³ timesmiddel	
Lettolje/ spesialdestillat	1-10 MW	50	–	80	Til og med 31.12.2014
		20	–	80	Frå 01.01.2015 og for ny kjel
Gass	5-50 MW	–	250	80	Til og med 31.12.2014
		–	170	80	Frå 01.01.2015 og for ny kjel

- *Utslippsgrenser til luft ved normal drift.* Normalisert til tørr gass, temperatur 273 K, trykk 101,3 kPa og 3 vol % O₂.
- NO_x måles som summen av NO og NO₂ beregnet som NO₂.

4.3. Krav til utsleppspunkt

Avgassar frå eksisterande anlegg/prosesseiningar tillatast leia ut gjennom eksisterande utsleppssystem med dei utsleppspunkt/-høgder som er oppgitt i søknaden, dvs. 12m over bakken og 2,5m over takhøgde.

5. Støy

Verksemnda sine bidrag til utandørs støy ved omkringliggende bustader, sjukehus, pleieinstitusjonar, fritidsbustader, utdanningsinstitusjonar, barnehagar og rekreasjonsområde skal ikkje overskride desse grensene, målt eller utrekna som frittfeltverdi ved mest støyutsette fasade:

Tidsintervall	Utrekningsmåte	Måndag-fredag	Laurdag	Sundag/ heilagdag
Dag (kl. 07-19)	$L_{pAekv12h}$	55 dB(A)	50 dB(A)	45 dB(A)
Kveld (kl.19-23)	$L_{pAekv4h}$	50 dB(A)	45 dB(A)	45 dB(A)
Natt (kl. 23-07)	$L_{pAekv8h}^*$	45 dB(A)	45 dB(A)	45 dB(A)
	L_{A1}	60 dB(A)	60 dB(A)	60 dB(A)

For definisjonar sjå vedlegg 3

* For nattperioden skal støyen midlast over faktisk driftstid, inntil 8 timar.

Støygrensene gjelder all støy frå verksemnda sine ordinære aktivitetar, inkludert intern transport på verksemdområdet og lossing/lasting av råvarer og produkt. Støy frå bygg- og anleggsaktivitet og frå ordinær persontransport av verksemnda sine tilsette er likevel ikkje omfatta av grensene. Verksemnda skal ha eit særleg fokus på å avgrense nattstøy mest mogleg, og skal kunne dokumentere eit systematisk arbeid for å oppnå dette.

Dersom den støyande aktiviteten omfattar tydelege enkelttonar og/eller impulslyd, skal grenseverdien for ekvivalentnivået reduserast med 5 dB, i høve til verdiane gitt i støytabellen over.

Verksemnda må innan 01.06.2012 gjennomføre ei støykartlegging ved anlegget. Målinga skal gjennomførast ved ordinær drift og transport, og må utførast av kompetent firma. Rapport frå målinga skal sendast til Fylkesmannen.

Dersom målt/utrekna støynivå som skuldast utslepp frå verksemnda ligg nærare grenseverdiane enn 3 dB (A), skal ny, tilsvarande gransking gjennomførast innan 12 månader. Gransking skal elles skje ved endring av drifta som kan ha noko å seie for støyutslepp eller etter krav frå Fylkesmannen.

Jamvel om verksemnda held seg innafor grenseverdiane, har ein likevel plikt til å redusere støy mest mogleg med hjelp av best tilgjengeleg teknologi. Dette gjeld mellom anna skjerming av vifter.

6. Grunnureining og ureina sediment

Verksemnda skal vere innretta slik at det ikkje skjer utslepp til grunnen som kan medføre nemneverdige skader eller ulemper for miljøet.

Verksemnda pliktar å halde oversikt over eventuell eksisterande ureina grunn på eige område og ureina sediment utanfor. Ein skal til ei kvar tid ha oversikt over faren for spreining, samt vurdere behovet for undersøkingar og tiltak. Er det grunn til å tru at

undersøkingar eller andre tiltak vil vere nødvendig, skal ureiningsstyresmakta varslast om dette.

7. Kjemikal

Når det gjeld kjemikal som vert nytta på ein slik måte at det kan medføre fare for ureining, skal verksemda dokumentere at den har gjort ei vurdering av helse- og miljøverknadane. Vurderinga skal skje med bakgrunn i testing eller annan relevant dokumentasjon.

Verksemda pliktar å etablere eit system for substitusjon av kjemikal (inklusive råstoff). Det skal gjennomførast jamlege vurderingar av faren for skadelege effektar på helse og miljø som kan skuldast dei kjemikal som vert nytta, og av om det finst alternativ. Skadelege effektar knytt til produksjon, bruk og endeleg disponering av produktet, skal vurderast. Der det finst meir miljøvenlege alternativ, pliktar verksemda å nytte desse så langt dette kan skje utan urimeleg kostnad eller ulempe.

Stoff aleine, i stoffblandingar og/eller i produkt, kan berre framstillast, omsettast, eller brukast når dei er i samsvar med krava i REACH-regelverket.⁵

8. Energi

8.1. Energistyringssystem

Verksemda skal ha eit system for kontinuerleg vurdering av tiltak som kan setjast i verk for å oppnå ein mest muleg energieffektiv produksjon i anlegga. Energistyringssystemet skal inngå i verksemda sin internkontroll, og skal bidra til grunnlag for nye energisparessystem eller –tiltak.

8.2. Utnytting av overskotsenergi

Verksemda skal i størst muleg grad utnytte overskotsenergi frå eksisterande og nye anlegg internt. Verksemda skal også gjennom tiltak på eige område leggje til rette for at overskotsenergi skal kunne nyttast eksternt med mindre det kan gjerast sannsynleg at dette ikkje er teknisk eller økonomisk muleg.

8.3. Spesifikt energiforbruk

Spesifikt energiforbruk, uttrykt som kWh/tonn produsert, skal reknast ut og rapporterast årleg, jf. vilkår 13.

9. Avfall

9.1. Generelle krav

Verksemda pliktar så langt det er mogleg med best tilgjengeleg teknologi å unngå at det vert danna avfall som følgje av drifta. Særleg skal innhaldet av skadelege stoff i avfallet søkast avgrensa mest muleg.

Verksemda pliktar å sørgje for at all handtering av avfall skjer i samsvar med gjeldande reglar for dette fastsett i eller i medhald av ureiningslova, slik som avfallsforskrifta⁶.

⁵ Jf Produktkontrollloven av 11.06.1979 nr. 79 § 3a

Avfall som oppstår i verksemda, skal søkast gjenbrukt i verksemda sine produksjon eller i andre sin produksjon, eller – for brennbart avfall – søkast nytta til energi-produksjon internt/eksternt. Slik nytte må likevel skje i samsvar med gjeldande reglar fastsett i eller i medhald av ureiningslova, samt krav fastsett i dette løyvet.

Brenning av avfall er ikkje tillate utan at det skjer i forbrenningsomn med særskild løyve frå Fylkesmannen eller Klima- og forureiningsdirektoratet.

9.2. Økonomisk sikkerheit

Verksemda skal ha ein økonomisk sikkerheit for å sikre at mellomlagra farleg avfall, ureina grunn, innsatsstoff som ikkje vert nytta m.m. vert forsvarleg handtert ved eventuelt opphøyr/stans av drifta.

10. Førebyggande tiltak og beredskap mot akutt ureining

10.1. Miljørisikoanalyse

Verksemda skal gjennomføre ein miljørisikoanalyse⁷ av sin aktivitet. Verksemda skal vurdere resultatane i forhold til akseptabel miljørisiko. Potensielle kjelder til akutt ureining av vatn, grunn og luft skal kartleggast. Miljørisikoanalysen skal dokumenterast og skal omfatte alle forhold ved verksemda som kan medføre ureining med fare for helse- og/eller miljøskadar inne på verksemda sitt område eller utanfor. Ved modifikasjonar og endra produksjonsforhold skal miljørisikoanalysen oppdaterast.

Verksemda skal ha oversikt over dei miljøressursane som kan bli truga av akutt ureining og dei helse- og miljøkonsekvensane slik ureining kan føre med seg.

10.2. Førebyggande tiltak

På grunnlag av miljørisikoanalysen skal verksemda setje i verk risikoreduserande tiltak. Både sannsynlegheitsreduserande og konsekvensreduserande tiltak skal vurderast. Verksemda skal ha ei oppdatert oversikt over dei førebyggande tiltaka.

10.3. Etablering av beredskap

Verksemda skal, på bakgrunn av ein miljørisikoanalyse og dei risikoreduserande tiltaka som er sett i verk, etablere og vedlikehalde ein beredskap mot akutt ureining. Beredskapen skal vere tilpassa den miljørisikoen som verksemda til alle ei kvar tid representerer. Beredskapen mot akutt ureining skal øvast minst ein gang pr. år.

10.4. Varsling av akutt ureining eller unormale driftstilhøve

Akutt ureining eller fare for akutt ureining skal varslast i høve til gjeldande forskrift⁸. Verksemda skal også så snart som mogleg og seinast neste arbeidsdag, gje melding til Fylkesmannen.

Unormale driftstilhøve elles som ikkje vert omfatta av definisjon av akutt ureining, skal varslast til Fylkesmannen så snart som mogleg og seinast neste arbeidsdag.

⁶ Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall av 01.06.2004, nr. 930.

⁷ Framgangsmåten bør følge NS 5814:2008 Krav til risikovurdering (eller seinare utgåve)

⁸ Forskrift om varsling av akutt ureining eller fare for akutt ureining av 09.07.1992, nr. 1269

Fylkesmannen skal heldast skriftleg orientert om årsak til hendinga og tiltak som er sett i verk eller som er planlagt for å motverke og avgrense verknadar og hindre gjentaking.

11. Prøvetaking, analyse og utrekning av utslepp

Verksemda skal gjennomføre målingar og utrekningar av utslepp til luft og vatn, samt støy i omgjevnadane.

11.1 Utslepp til vatn

Følgjande målingar skal gjennomførast:

Utslepp	Analyseparameter	Tal målingar pr år	Krav til representative prøvar
Reinsa avløpsvatn til kommunalt avløpsnett	<ul style="list-style-type: none"> Organisk stoff (BOF5 og KOF) Suspendert stoff (SS) Total fosfor (Tot.P) Total nitrogen (Tot.N) Feitt 	Minst 12 døgnblandprøver	Målingar og utrekningar skal vere representative for dei faktiske utsleppa. Prøvane skal takast ved full produksjon, og minst ein gong pr måned. Prøvane skal takast som mengdeproporsjonale uttak.
Utløpsvatn frå oljeutskiljar	olje	Stikkprøve minst 4 gonger i året.	

Avløpsmengde skal registrerast fortløpande.

11.2 Utslepp til luft

For fyrkjelar for olje med termisk effekt > 1 MW og for fyrkjelar for gass med termisk effekt > 5 MW gjeld følgjande krav til måling og berekning av utslepp til luft:

	Støv	CO	NO _x
Fyrkjel for olje (1)	ein gong annakvart år	ein gong annakvart år	
Fyrkjel for gass (2)		ein gong kvart år	ein gong kvart år

1: For støv skal det foretas 3 støvmålingar gjennom en 6 timers periode. Snittet av disse 3 målingene gjelder som 12 timers middelværdi inklusive driftsvariasjoner.

For CO skal kontrollmåling bestå av 6 separate målinger à ½ time. Utslippsgrensene regnes som overholdt dersom 90 % av målingene er innenfor oppgitt timesmiddelgrense.

2: Kontrollmåling av NO_x og CO skal bestå av 10 separate målinger à ½ time. Utslippsgrensene regnes som overholdt dersom 90 % av målingene er innenfor det oppgitte ½ times middel.

11.3 Støy

Målingar skal gjennomførast av kompetent firma innan 01.06.2012.

11.4 Generelle krav til prøvetaking og analysar

Akkrediterte tenester for prøvetaking og analyse skal nyttast der det er mogleg. Eigen prøvetaking og innsending for analyse til akkreditert laboratorium, kan berre skje etter opplæring av og skriftleg avtale med akkreditert tenesteytar. Prøvetaking og analyse skal utførast slik at utrekningane gir mest mogeleg realistisk og representativ dokumentasjon på verksemda sine faktiske utslepp.

Prøvetakinga skal gjennomførast etter eit program som skal inngå i verksemda sin dokumenterte internkontroll. Programmet skal mellom anna skildre fastlegging av metodar, utvelging av prøvetakingstid og utrekningsmodellar som vert nytta. Verksemda skal i samband med utarbeiding og revidering av programmet vurdere usikkerheita i målingane, og søke å redusere denne mest mogleg.

Prøvetaking skal utførast etter CEN-standard eller Norsk Standard (NS). Dersom disse ikkje finst, kan annen internasjonalt akseptert standard nyttast. Dei representative prøvene skal analyserast etter standarden NS-EN/IEC 17025:1999. Fylkesmannen kan i særskilde høve akseptere at annan metode vert brukt. Verksemda er ansvarleg for at metodar og utføring er forsvarleg kvalitetssikra, og at prøvetakingspunkt vert etablert på stader som gjer det mogleg å ta prøver av utsleppa i høve til aktuelle standardar.

12. Oppfølging av resipient

Fylkesmannen kan stille krav om nærare granskning av støy, vassureining og luftutslepp (jf. ureiningslova § 51). Verksemda skal betale for slike granskningar. Den ansvarlege for verksemda kan òg påleggjast å betale ein høveleg del av kostnaden ved eit kontrollprogram for området der utsleppa er plasserte.

13. Rapportering til Fylkesmannen

13.1 Rapportering via nasjonale rapporteringssystem⁹

Verksemda skal rapportere innan 1. mars året etter utsleppsåret på standardiserte skjema som vert sendt ut av ureiningsstyresmaktene, eller vert gjort tilgjengeleg via WEB-sider. Rapportering skal skje i høve til Klima og forureiningsdirektoratet sin rettleiar til eigenrapportering frå verksemder, sjå www.klif.no. Data frå eigenrapporteringa vil vere offentleg tilgjengeleg.

For rapportering av farleg avfall skal EAL-kodar nyttast, for anna avfall skal NS 9431 nyttast.

Verksemda skal i samband med rapportering av avfalls- og utsleppsdata til Fylkesmannen oppgje og kommentere usikkerheita i datamaterialet.

Det er ikkje sett direkte krav til årleg måling, utrekning eller rapportering av spesifikke nivå når det gjeld utslepp av lukt, støy eller støv. Rapporten bør likevel innehalde ei vurdering av desse miljøtilhøva.

14. Større endringar ved drifta

14.1. Utskifting av utstyr

Dersom det skal gjerast utskifting av utstyr i verksemda som gjer det teknisk mogleg å motverke ureining på ein vesentleg betre måte enn då løyvet vart gitt, skal Fylkesmannen på førehand ha melding om dette.

⁹ AltInn

Ved utskifting av utstyr skal beste tilgjengelege teknikkar nyttast med sikte på å motverke ureining.

14.2. Eigarskifte

Dersom verksemda vert overdrage til ny eigar, skal Fylkesmannen ha melding så snart som mogleg og seinast 1 månad etter eigarskiftet.

14.3. Nedlegging eller lengre driftsstans

Dersom anlegget vert nedlagt eller stansar for ein lengre periode, skal eigaren eller brukaren gjere det som til ei kvar tid er nødvendig for å motverke fare for ureining. Dersom noko ved anlegget kan medføre ureining eller det er avfall som kan verke skjemmande etter nedlegginga eller driftsstansen, skal det i rimeleg tid på førehand gjevast melding til Fylkesmannen. Tilsvarande skal Fylkesmannen ha melding dersom anlegg, anleggskomponentar, innsats- eller råstoff, ferdigvarar, m.m. kan medføre fare for ureining etter nedlegging eller kunne verke skjemmande som avfall.

Fylkesmannen kan fastsetje nærare kva for tiltak som er nødvendig for å motverke ureining og rydde opp i avfall. Fylkesmannen kan pålegge eigaren eller brukaren å stille garanti for dekking av framtidige utgifter og mogleg erstatningsansvar.

Ved nedlegging eller stans skal verksemda sørgje for at råvarer, hjelpestoff, halvfabrikat eller ferdig vare, produksjonsutstyr og avfall vert teke hand om på forsvarleg måte, mellom anna skal farleg avfall handterast i høve til gjeldande forskrift¹⁰. Dei tiltaka som vert gjennomført i slike høve, skal rapporterast til Fylkesmannen innan 3 månader etter nedlegginga eller stans. Rapporten skal også innehalde dokumentasjon av disponeringa av kjemikalierestar og ubrukne kjemikal og namn på eventuell kjøpar/ar.

Dersom den ansvarlege ønskjer å starte på nytt, skal det gjevast melding til Fylkesmannen i god tid før start er planlagt. Ved oppstart skal den ansvarlege sørgje for at driftsstaden settast i tilfredsstillande miljøtilstand før ny aktivitet kan starte opp.

¹⁰ Avfallsforskrifta kapittel 11 om farleg avfall

VEDLEGG 1

Liste over prioriterte stoff, jf. punkt 2.1.

Utslepp av disse komponentane er berre omfatta av løyvet dersom dette går tydeleg fram av vilkåra eller dei er så små at dei må sjåast på som uvesentlege for miljøet.

Metall og metallsambindingar:	Forkortingar
Arsen og arsensambindingar	As og As-sambindingar
Bly og blysambindingar	Pb og Pb-sambindingar
Kadmium og kadmiumsambindingar	Cd og Cd-sambindingar
Krom og kromsambindingar	Cr og Cr-sambindingar
Kvikksølv og kvikksølv-sambindingar	Hg og Hg-sambindingar

Organiske sambindingar:	Vanlege forkortingar
Bromerte flammehemmarar:	
Penta-bromdifenyleter (difenyleter, pentabromderivat)	Penta-BDE
Okta-bromdifenyleter (defenyleter, oktabromderivat)	Okta-BDE, octa-BDE
Deka-bromdifenyleter (bis(pentabromfenyl)eter)	Deka-BDE, deca-BDE
Heksabromcyclohexan	HBCDD
Tetrabrombisfenol A (2,2',6,6'-tetrabromo-4,4'-isopropyliden difenol)	TBBPA
Klorhaldige organiske sambindingar	
1,2-Dikloreten	EDC
Klorerte dioksin og furanar	dioksin, PCDD/PCDF
Heksaklorbenzen	HCB
Kortkjeda klorparafinar C ₁₀ -C ₁₃ (kloralkan C ₁₀ -C ₁₃)	SCCP
Mellomkjeda klorparafinar C ₁₄ -C ₁₇ (kloralkan C ₁₄ -C ₁₇)	MCCP
Klorerte alkylbenzen	KAB
Pentaklorfenol	PCF, PCP
Polyklorerte bifenyl	PCB
Tetrakloreten	PER
Tensida:	
Ditalg-dimetylammoniumklorid	DTDMAC
Dimetyldioktadekylammoniumklorid	DSDMAC
Di(hydrogenert talg)dimetylammoniumklorid	DHTMAC
Triklorbenzen	TCB
Tetrakloreten	PER
Triklorbenzen	TRI
Triklorosan (2,4,4'-Trichloro-2'-hydroxydiphenyl ether)	
Nitromusksambindingar	
Muskxylen	
Alkylfenoler og alkylfenoletoksyler:	
Nonylfenol og nonylfenoletoksyler	NF, NP, NFE, NPE
Oktylfenol og oktylfenoletoksyler	OF, OP, OFE, OPE
Dodecylfenol m. isomerer	
2,4,6-tri-tert-butylfenol	
Polyfluorerte organiske sambindingar (PFCs)	
Perfluoroktansulfonat (PFOS) og sambindingar som inneheld PFOS	PFOS, PFOS-relaterte sambindingar
Perfluoroktansyre (PFOA)	
Tinnorganiske sambindingar:	
Tributyltinn	TBT
Trifenyltinn	TFT, TPT
Polysykliske aromatiske hydrokarbon	
Dietylheksylftalat (bis(2-etylheksyl)ftalat)	DEHP
Bisfenol A	BPA
Dekametylsyklopentasiloksan	D5

VEDLEGG 2

IPPC-direktivet og Best tilgjengeleg teknologi - BAT

IPPC-direktivet (EUs rådsdirektiv 96/61 EF) legger til grunn at regulering fortrinnsvis skal skje ved individuelle utsløppsløyve, men opnar også for bruk av generelle forskrifter der dette er tenleg. For å oppnå ein felles praksis stiller direktivet blant anna krav til innhald i konsesjonssøknaden, sakshandsaming og vilkår i løyve. Virkeområdet for direktivet er angitt gjennom ei liste over kategoriar av industriverksemder over ei viss størrelse (vedlegg I til direktivet).

Beste tilgjengelige teknikker (BAT)

Eit hovudprinsipp i IPPC-direktivet er at den ansvarlege for ei verksemd pliktar å nytte "beste tilgjengelige teknikkar" (BAT – best available techniques), og at dei utslippsgrensene som vert fastsett i eit løyve, skal baserast på BAT. Dette omgrepet er definert i direktivets artikkel 2 (11). I vedlegg IV er det lista opp kva for forhold som skal tas i betraktning når man fastsett kva som er BAT.

EU-kommisjonen driv eit arbeid med å skaffe til veie informasjon, såkalla BAT Reference Documents (BREFs, om kva som er BAT i dei enkelte industiar.

Status for dette arbeidet, samt full tekst til BREFs (utkast og ferdige) - finnes på nettstaden til EIPPCB.

Konsekvens for eksisterande IPPC-verksemder

Direktivet krev at forureiningsmyndigheitene skal syte for at alle eksisterande anlegg innanfor IPPC-direktivet sitt virkeområde vert drive i samsvar med direktivets krav.

BAT – referansedokument (BREF)

Aktuelle bransje-referansedokument:

Næringsmiddelindustrien (food, drink and milk)
ftp://ftp.jrc.es/pub/eippcb/doc/fdm_bref_0806.pdf

Dansk samandrag: <http://www.mst.dk/NR/rdonlyres/1FCA6CC8-D4B7-4ABF-9191-0F3C72D2EF57/0/FDMDArettet2.pdf>

Slakteri
ftp://ftp.jrc.es/pub/eippcb/doc/sa_bref_0505.pdf

Dansk samandrag: <http://www.mst.dk/NR/rdonlyres/B5E1A85A-6757-4D71-8F05-52081BE9AFE7/0/SlagterierDAendelig.pdf>

I tillegg er det nokre tverrgåande, ikkje bransjespesifikke referansedokument som bør vurderast. Dette gjeld mellom anna energieffektivitet og overvaking.

VEDLEGG 3

Definisjonar

ou_E/m^3 : luktstoffeining i luft. Forklart som den mengd av eit luktande stoff eller stoffblanding som fordelt på $1 m^3$ luft som framkallar ei lukt tilsvarande luktterskelverdien ($1 ou_E/m^3$). $10 ou_E/m^3$ vil seie at ein prøve må fortynnast 10 gonger før den er fortynna til luktterskelverdien (den luktstoffkonsentrasjonen kor 50 % av eit luktpanel kan kjenne lukt i ein prøve).

L_{pAekvT} Gjennomsnittleg ekvivalent støynivå for varierende støy, over ein bestemt tidsperiode T (til dømes 4, 8 eller 12 timar).

$L_{pAekv8h^*}$: For nattperioden skal støyen midlast over faktisk driftstid, inntil 8 timar.

L_{A1} Statistisk maksimalnivå, uttrykt som det støynivået som blir overskride i 1 % av tida.

Med **kjemikal** meiner ein her kjemiske stoff og stoffblandingar som brukast i verksemda, både som råstoff og som hjelpekjemikal. Døme på slike kjemikal er groehindrande middel, vaskemiddel, hydraulikkvæsker, brannhindrande middel m.m.

